



Foreldre og elevar på 5.trinn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2471 - 17/18715

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

25.09.2017

Informasjon om nasjonale prøver 5.trinn

I veke 42 – 43 skal elevane i 5.klasse gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. Prøvene er obligatoriske. Alle prøvene er elektroniske. De kan finne eksempeloppgåver på Utdanningsdirektoratet sine sider, og i lenke på heimesida. Der finn de og informasjon om vurdering av resultat og kva for kompetanse prøvene måler.

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skolesystemet. Resultata skal saman med anna informasjon skulen har, brukast som grunnlag for å hjelpe eleven vidare, og er på den måten ein del av vurdering for læring. Foreldre skal bli kjent med resultat i utviklingssamtalen.

Elevar med rett til spesialundervisning eller til særskilt språkopplæring, kan få fritak frå nasjonale prøver. Det er i slike tilfelle viktig med eit nært samarbeid med foreldre, elev og lærar i vurderinga for kvar enkelt prøve. Det er rektor som avgjer og gjer enkeltvedtak om fritak frå ein nasjonal prøve.

Ta kontakt med kontaktlærar eller rektor om de har spørsmål.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Foreldre og elever på 5.trinn